



**Humlepungen Ølbryggjarlag i Uskedalen representerar ein kultur og tradisjon som fortener å bli teken vare på – på lik line med annan kulturarv.**

Difor gjer dei åtte karane i laget ein viktig kulturhistorisk innsats. No aktar dei å skaffa seg endå meir kunnskap. Karane kan mykje, men dei har enno ikkje gjennomført heile den omstendelege prosessen....

Frå laurdag 26. til tirsdag 29. august skal seks av karane på studieferd til Praha med omgjevnad og satsar naturleg nok alt for å komma til pilsens urkjelde – byen Plzen. Der vil dei suga kunnskap - og sjølv sagt skåla i nybrygga Pilsner Urquell.

Plzen ligg i Vest-.Bøhmen ikkje langt frå Tsjekkias sagnombruste hovudstad.

Alle som tek del i ølbryggjarlaget sine tilstelningar gler seg no til å høyra rapporten frå studiefërda. Om ikkje før så kjem den vel under neste uppskoka.

På biletet syner Humlepungen Ølbryggjarlag at laget kan meir enn å bryggja øl. Her er dei i musikalsk og sangleg aksjon på Dønhaug Gjestegard under siste uppskoka. Frå venstre står Vidar Haugland, Kristian Bringedal, Kjell Yri, Reidar Myklebust, Ragnvald Myklebust. Kjell Magne Haugland og Kjell Tungesvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)